

Frank Vik (26) som er bur på øvre Musland, tok ein suveren siger under Samlagsstemna for Sunnhordland skyttarsamlag som vart arrangert i Vindafjord sist helg. Dermed sikra han seg og 2. napp i vandrepokalen. Han vart nemleg samlagsmeister i 2005 og. Vinn han ein gang til, får han pokalen til odel og eige.



Frank Vik mottar blomar under eit tidlegare stemne

Etter den innleiande skytinga på 25 skot låg han på andreplass, hårfint bak Bengt Brattland frå Stord med 245 poeng. I finaleomgangen låg Vik på skive to. Han klinka til med ein fantastisk serie. Ikkje nok med at han traff blink på alle ti skota; sju av dei var til og med innertiarar. Dermed enda han totalt på 345 poeng, noko som gav ein soleklar siger. Han var tre poeng føre nummer to, og det er stor margin i skytesamanheng.

- Jo, det gjekk over all forventning. Eg må vera storfornøgd med det, var kommentaren frå den nybakte samlagsmeisteren til uskedalen.no.

Vik som er fødd og oppvaksen i Matre, har gjennom mange år vore ein av dei beste skyttarane i distriktet. Alt som unggut avslørte han seg som eit unikt talent.

Han vart lagt skikkeleg merke til då han heilt fersk deltok på sitt første Landsskyttarstemne i 94. Han deltok i rekruttklassen og kom like godt heim med ein utruleg flott tredjeplass frå baneskyting.

På landskyttarstemnet tre år seinare, i 97, gjorde han det faktisk endå betre. Då vann han feltskytinga i tillegg til at han var nr 3 i baneskytinga. Dette året deltok han i juniorklassen.

Som seniorskyttar har han og mange gode resultat å visa til, og han fortel at det er stort sett på stemne i her i distriktet han har delteke.

Vi spør om det ikkje hadde vore freistande å satsa meir på skytinga når han får så gode resultat.

- Det er mange som spør om det, men det krev då så mykje tid og trening at det vert ei prioriteringssak. Det kunne sjølvsagt vore gøy. Men det skal tilpassast jobb, og dessutan vil eg ha tid til sambuar og andre forpliktelsar som eg har. Vi har nett overteke eit småbruk, og det krev sjølvsagt sitt. Dessutan er skyting ein svært dyr sport, og det er ikkje sikkert eg får det kjekkare om eg satsar meir, er den jordnære samlagsmeisteren sin kommentar til det.

Også to andre uskedelingsar deltok på samlagsstemnet. Håvard S. Eik deltok i juniorklassen og oppnådde eit svært godt resultat. Etter gode 245 på dei innleiande 25 skota, var han kvalifisert til finaleomgangen. Der skaut han til 98 poeng, og dermed fekk han 343 poeng totalt. Det heldt til ein flott 5. plass i klassen.

- Det er eit resultat eg er veldig, veldig fornøgd med, kommenterer den lovande ungguten.

Paul Are Ljosnes deltok og på samlagsstemnet, og alle dei tre skyt for Omvikdalen skyttarlag.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Erlend Moen.